

## **REFERAT FAU MØTE**

**08. Desember 2020 kl 18.00 på Spildepollen skule.**

### **TILSTADE:**

1.årssteg: Kestutis Krasauskas  
2.årssteg: Cathrine Midttveit  
3.årssteg: Lillian Kausland og Ingvild Bessesen  
4.årssteg: Birgitte Kallestad og Kim Dale Eide  
5.årssteg: Fredrik Mortensen og Charlotte Hjørnevik  
6.årssteg: Inger Marie Abbedissen  
7.årssteg: Bente Hus Bjørøy  
Rektor Linda Selheim

### **GODKJENNING AV INNKALLING**

Innkalling blei godkjent.

### **JULEAVSLUTNING 2020**

Juleavslutning med foreldre er i år avlyst på grunn av pandemien. Rektor har sendt ut mail og informert om dette. Det vert juleavslutning på skulen for elevane på dei ulike årsstega. Det vart bestemt att FAU skal kjøpe inn ei korg med julesnacks til alle tilsette på skulen. Bente ordner dette og leverer på skulen.

### **VALG AV KLASSEKONTAKTER I FRAMTIDA.**

Det var komt inn forslag om att det i 1.klasse burde vert valgt klassekontakt for alle åra.

FAU er einsteming enig om att klassekontakter bør velges kvart år.

### **KLASSEMILJØ**

Det vart snakka om korleis me som klassekontakter kan bidra til godt klassemiljø sjøl om me ikkje kan møtas fysisk. Det er vanskelig å få til sosialkvelder no når det ikkje er lov å samlast. Klassen kan samlast uten foreldre til stedes, men det kan bli

vanskelig ,spesielt for dei små stega. Me håpar situasjonen blir annleis etter nyttår og me igjen kan arrangere kjekke sosialkvelder for elevane.

FAU vil skrive ei tilråding som gjeld bursdagsfeiringer og sende ut. FAU blir ening om att hovudregelen er att man enten skal invitere heile klassen eller kun jenter/gutter. Visst invitasjoner skal leverast ut på skulen må dette følges. Hovedregel er att ingen skal føle seg utafør. Inkludering er viktig. Ellers må årsstega sjølve finne ut kva som er best for dei.

Rektor informerer om att elevane ikkje er heilt nógde med inndeling på uteareal. Kvar kohort er delt inn i soner ute. Det er gøy for dei som liker å spela fotball å vera på fotballbanen, men ikkje for dei som vil gjera andre ting. Skal prøve å få til ei rulling på dette.

### **TEMA FORELDREMØTE**

Forslag om att vi bør sjå framover og planlegge eit foreldremøte til våren med ein ekstern foredragsholder som tar opp viktige tema som angår barna våre. FAU meiner dette er for tidlig å planlegge. Me vil sjå an situasjonen etter nyttår og ta dette opp på nesten møte.

### **MOBILBRUK OG APPER**

Elevane er aktiv på sosiale medier. Det er foreldre som bestemmer kva barna skal ha på telefonen. Skulen kan gje anbefalinger. Alle apper og sosiale medier har aldergrense og desse bør følgas. Det er foreldrene sitt ansvar og sjå til att dette blir følt. Rektor har sendt ut melding om dette på transponder.

### **TRAFIKK**

Gangfelt mellom Kausland og Glesnes skal vera ferdig til sommeren.

## **17.MAI**

Det er 3,6,7 års steg som sitter i 17.mai komiteen. Fjorårets komite vil kalle inn til første møte etter nyttår.

## **REGNSKAP 19/20**

Bente har fått tilsendt regnskap fra fjorårets kasserer. Ho informerer om att det står 53000kr på FAU sin konto. Bente skal sjekke opp i vippskontoen til FAU.

## **VEDTEKTER FAU**

Vedtekter blei enstemmig godkjent og blir sendt inn av leiar/nestleiar.

## **EVENTUELT**

Kim presenterer Spildepollen sykkelpark. Eit kjempe flott prosjekt som snart er i mål økonomisk sett. Han informerer om att dei mangler 500000kr for å få finansieringa i boks. Han spør om FAU vil bidra med penger til prosjektet. FAU vil vente til etter 17.mai. Det kjem forslag om att inntektene på 17.mai skal gå til sykkelparken. Denne beskjeden må bli formidla vidare til 17.mai komiteen.